



Sommerro Panorama AS
 Osterfjordvegen 124
 5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/16206 - 20/67860

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland

morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:

27.10.2020

Godkjenning - Seksjonering gbnr. 137/830 - Alver kommune

Bakgrunn for saken:

Sommerro Panorama AS har som heimelshavar sendt inn søknad om oppdeling av eigedomen gbnr. 137/830 i ei bustadsameiga bestående av 20 bustadseksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av 2 stk blokk med 10 bueiningar i kvar på eigedomen. Kvar bueining på eigedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen bustadseksjon.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 137/830 i 20 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fygjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	87/1996	Bustad	B
2	75/1996	Bustad	B
3	75/1996	Bustad	B
4	87/1996	Bustad	B
5	118/1996	Bustad	B
6	101/1996	Bustad	B
7	118/1996	Bustad	B
8	118/1996	Bustad	B

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

9	101/1996	Bustad	B
10	118/1996	Bustad	B
11	87/1996	Bustad	B
12	75/1996	Bustad	B
13	75/1996	Bustad	B
14	87/1996	Bustad	B
15	118/1996	Bustad	B
16	101/1996	Bustad	B
17	118/1996	Bustad	B
18	118/1996	Bustad	B
19	101/1996	Bustad	B
20	118/1996	Bustad	B

Saksutredning:

J.f Situasjonsplan og planteikningar, er det godkjent to like bygningar med 10 bueiningar i kvar bygning, på eigedomen. Det er totalt 3 etasjar i kvar bygning, og bueiningane er fordelt som følgjer. I underetasjen er det 4 bueiningar i kvar bygning. I 1. etasje er det 3 bueiningar i kvar bygning. Og i 2. etasje er det 3 bueiningar i kvar bygning.

Alle seksjonane skal ha tilleggsareal i bygg, i form av bodar og overbygde terassar/balkong. Dei vil ha tilgang til tilleggsareala enten over eigen areal eller felles uteareal.

Alle bueiningane har inngang frå felles uteareal. Kvar seksjon har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige eller felles uteareal.

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering på eigedomen.

Alt uteareal skal etter seksjoneringa vere felles for alle seksjonane i bustadsameige, det inkluderer trappeoppgang, som er tilkomst for seksjonane.

Det er utarbeid vedtekter for sameige.

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt kommunen og har følgjande vedlegg:

- Situasjonsskart for egedomen
- Planteikningar som viser seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige
- Kopi av løyve til oppføring av bygg

Vurderinger:

Kommunen finn at seksjoneringssøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikelbrev for egedomen etter seksjonering med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelova §23 nr.4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gylding, eller krav om erstatning må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringsaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med helsing

Alver kommune Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seksjoneringsteikningar
Situasjonsplan
Søknad om seksjonering
Vedtekter for sameige
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ